



Ivrig gjeng på trommeseminar: Frå venstre Sunniva H. Sæle, Renate Røssland, Julie G. Myklebust, instruktøren Frank Jakobsen, Stian S. Myklebust og Sindre Aksnes. (Foto: Thor Inge Døssland)

**Laurdag var den kjende jazzmusikaren og instruktøren Frank Jakobsen tilbake i Uskedalen og hadde seminar for unge og ivrige slagverkarar. Etter den vellukka samlinga i april var det eit sterkt ønskje frå deltakarane om at den meritterte Bergens-musikaren måtte koma tilbake.**

Første del av samlinga laurdag vart nytta til grunnleggjande tekniske øvingar, og trening og tips i spel etter notar. Mellom anna la Jakobsen vekt på duettspel, noko som han av erfaring visste var både populært og utviklande. Siste del av dagen vart hovudvekta lagt på speling på trommesett. Gjennom heile dagen auste den dugande instruktøren ut med nyttige tips medan konsentrerte deltakarar velvillig saug til seg lærdomen. Også i trommesettøkta vart det supplert med forskjellige andre rytmeinstrument.

Instruktøren var svært fornøgd med deltakarane.

– Dokker e blitt kjempeflinke. Dokker har utvikla dokker mye bare i dag, sa han til dei like før dagen vart avslutta.

Frank Jakobsen fortalde at det var ekstra artig for han å koma til Uskedalen.

- Det var nemlig i ungdomshuset her eg hadde min aller første spillejobb da eg spilte til dans der med bandet "Ildus" i 1972. Da hadde eg spilt trommer i fire uker.

Han fortalde vidare at eit anna medlem i det bandet var den seinare så kjende jazztrompetisten Per Jørgensen. Etter det har han som kjent hatt ei svært rik musikarkarriere. Særleg er han kjend i jazzkrinsar, men han har jobba innanfor eit variert spekter. Dei fleste av oss kjenner "Hurrasangen" frå Sesam Stasjon. Der er det Frank som styrer trommene. Dette er ein av mange jobbar han har hatt for NRK.

- Men plateinnspelingar då? Kor man plater har du delteke på? spør vi.

- Det vet eg faktisk ikkje, - en 60, 70, kanskje 90?? Kanskje mer? Han fortel vidare at av desse er det "Hybel" som han gav ut som medlem av gruppa Trang Fødsel som har selt mest. Den kom opp i imponerande 70.000 selde eksemplar.

Deltakarane har framleis like sterkt ønskje om fleire økter med Frank Jakobsen. Det er såleis godt håp om at han kjem tilbake. Denne gang var det deltakarar frå Husnes og Uskedalen. Høylandsbygd har signalisert at dei vil vera med neste gang. Laurdag var dei opptatt på anna hald.

Av Thor Inge Døssland



Nyinnflytta uskedeling Sindre Aksnes og Julie G. Myklebust er ifølge Frank Jakobsen to talentfulle slagverkarar – tilliks med dei andre deltakarane på kurset. (Foto: Thor Inge Døssland)